

Hjelmeland

- ein flott stad å bu

PROGRAM 2023-27



Hjelmeland
Arbeiderparti

Kjære veljarar

Hjelmeland kommune er ein flott stad å bu. Me har det meste her i kommunen med eit offensivt næringsliv med mange arbeidsplassar, gode helsetenester, flott natur, flinke matprodusentar og verdens beste sider. I tillegg har me mange flotte frivillige organisasjonar som gjer at me har mange tilbod på ettermiddagar og kveldar.

Ein av utfordringane våre er at me er for få og då særleg yngre innbyggjarar i «fruktbar» alder. Me har god kapasitet i tilbodet vårt til barnefamiliar og må leggja meir til rette for at unge etablererar får billige tomter å byggja heimen sin på I HJELMELAND KOMMUNE. Dette arbeidet må me få fortgang på. Det er mange arbeidsplassar som skal etableras i Hjelmeland dei neste åra og bør satsa meir på lokale ansatte i staden for innpendling til kommunen.

Kommunen har dei siste åra nytt godt av økte inntekter både frå havbruksfondet og kraftinntekter, og då særleg frå salg av konsesjonskraft. Det er gledelig, men ein for stor andel av desse inntektene går direkte inn i drifta av kommunen. Ein konsekvens blir at nyinvesteringar som bygging av ny ungdomsskule, kai i Årdal og andre store investeringar vert finanserte med auka låneopptak. Problemet blir då høg gjeld som vert endå høgare framover.




Gaute Hauge
Ordfører kandidat

For å rusta oss for framtida meiner eg me treng å leggja om drifta vår, til tross for at kommunen har store inntekter og klarer seg godt. Investeringar innan helse- og omsorgssektoren vil tvinga seg fram. Me blir stadig fleire eldre. Det er jo positivt, men eldrebølgja må me ikkje bare snakka om som noko fram i tid, ho er allereie begynt å merkas. Det er og blir kamp om fagfolka innan helse og omsorg.

Hjelmeland kommune har mange som gjer ein formidabel jobb med frivillig arbeid. Her har Hjelmeland kommune lagt til rette og bidrar med økonomisk støtte for at dei skal ha gode vilkår, det skal dei fortsatt ha. Bygdaråd, idrettslaga, teaterlag og andre er særskilt viktige for at me skal behalda innbyggjarane våre, og ein viktig faktor for å tiltrekka seg nye bebuarar til Hjelmeland.

Godt valg!

Gaute Hauge
Ordførarkandidat Hjelmeland arbeiderparti



Det me har jobba for dei siste åra

Hovedfokus for Hjelmeland AP dei siste periodane:

1. Fått stor inntektsauke på sal av konsesjonskrafta: Her har Hjelmeland Ap vore avgjerande.
2. Støtta opp under fiberutbygginga i heile kommunen.
3. Betra linjekapasiteten på straumnett til Hjelmeland, ny 132 kv. Linja er ferdig i 2023.
4. Rettferdig praksis i areal og forvaltningssaker.
5. Sagt Nei til store kommunale bidrag i Burmavegen og kjøp av posthuset i Vågen.
6. Støtta opp om frivilligheten til barn og unge.
7. Prøvd å sikra ein betre sentrumsplan, me ville åpna for detaljhandel i Sandedalen men dette blei nedstemt av posisjonen.

Program 2023-27

Hjelmeland skal

Vera ein attraktiv arbeidsplass

- Tilby kompetansebygging og etterutdanning
- Ha tett samarbeid med arbeidstakarorganisasjonar

Vera ein brukarvenleg kommune

- Effektiv i saksbehandling
- Rettleiande og fleksibel
- Ha eit bærekraftig nivå på brukarbetalingar og gebyr for vann og avløp

Få rett gevinst på investeringane sine

- Fokus på økonomiledelse og -styring
- Satsing på vedlikehald og standardheving av kommunale eigedomar

Innen helse og omsorg skal Hjelmeland

Tilby helsetenester av god kvalitet

- Verna om dagens nivå av ambulansetenester
- Videreutvikla interkommunalt samarbeid i spesialisthelsetenesten
- Styrka helsetenester for born og unge

Satsa på framtidsretta og forebuande eldreomsorg

- Vurdera tenestestruktur og effektivisering fortløpande
- Ta i bruk ny velferdsteknologi, slik at brukarar kan bu godt heima eller i eigen bustad
- Prioritera nye omsorgsbustadar i nærleiken av omsorgsentra
- Veiledning og tidlig innsats i eldreomsorgen

For born og unge skal kommunen

Satsa på skule-heim samarbeid og tillitsarbeid

- Utvikla og styrka program for å handtera og forebygga mobbing

Sikra rett personaldekning i barnehagane

Vurdera skulestruktur fortløpande

Skulefruktordning og -måltider

Tilby gode og rimelige fritidstilbod

- Fremma fysisk aktivitet
- Styrka kulturskulen i Hjelmeland

- Støtta kinodrift på samfunnshuset
- Tilby forenkla tilskotsordningar
- Oppretthalda og betra kvaliteten på kommunale leikeplassar

Veileda unge vaksne

- Satsa på aktivitet og arbeidstrening for unge vaksne som fell ut av skule og arbeidsliv

Frivilligheita og kommunen som støttespelar

Byggja vidare på trekantsamarbeidet mellom frivillige, næringsliv og kommunen.

- Ha gode rammevilkår for frivillige lag og organisasjonar i Hjelmeland
- Vidareutvikla samarbeidet med bygdaråda
- Hensynta bygdene sine behov
- Forenkla tilskotsordningar

Sentrumsutvikling betyr

Oppstart av sentrumsplanarbeid for Årdal og Fister

Legge til rette for næringsutvikling og bustadutbygging i Sandedalen og Pundsnes-området Klargjera kommunale tomter for salg

Næring i Hjelmeland

Sikra tilgang til næringsareal, særleg i sjønære område

- Arbeida for å utvide næringsareala på Viganeset, Barnevik og i Årdal

Oppretthalda eit sterkt landbruksmiljø

- Styrka ordningar for skogsdrift og nydyrking

Støtta satsing innan fornybar energi

- Sikra at oppdrettsnæringa kan forsetja veksten på ein berekraftig måte
- Energieffektivisering av kommunale bygg

Støtta ny næring med miljøgevinst

- Oppretthalde miljøstasjonen på Vikaneset

Samferdsel i Hjelmeland betyr

God tilgang på straum og Internett

- Sikra straumleveranse til bygdene i Hjelmeland

Å ha trafikktryggleik i sentrum

- Arbeida vidare med rassikring og Årdalstunnellen
- Fullføra gang og sykkelveg Storå bru – Tjentland
- Heva standarden på kommunale og fylkeskommunale vegar

Å vera gode på reising og pendling

- Stadig utfordra dagens kollektivtilbud, spesielt lokalt
- Fokus på fullføring av indre stamveg med kryssing over Jøsenfjorden

Lista til kommunevalget:



- | | | | | |
|----|----------------------------|------------|------|-----------------------------|
| 1 | Gaute Hauge | Fister | 1964 | Bedriftselektriker |
| 2 | Katrine Stangelo | Fister | 1982 | Revisor |
| 3 | Jakob Nessa | Nessa | 1962 | Sjølvtendig næringsdrivande |
| 4 | Ann Mari Velde | Randøy | 1991 | Sjukepleiar |
| 5 | Jarek Leziak | Hjelmeland | 1973 | Mekanikar |
| 6 | Iren Urdal | Fister | 1973 | Sjukepleiar |
| 7 | Sven Gjil Vestersjø | Jøsneset | 1965 | Sjølvtendig næringsdrivande |
| 8 | Lisa Sjursen Hauge | Hjelmeland | 1994 | Ergoterapeut |
| 9 | Lars Strøm | Vormedalen | 1958 | Sjølvtendig næringsdrivande |
| 10 | Øystein Berge | Hjelmeland | 1972 | Operatør |



*Hugs å bruke **stemmeretten**.
Di stemme **betyr noko!***



**Hjelmland
Arbeiderparti**